Kvifor søkje hjelp med systemarbeidet hos HMT-seksjonen?

HMT-seksjonen har serviceinnstilte medarbeidarar som:

- har kunnskap og oversikt over fylkeskommunen sitt overordna HMT system
- gjennom si erfaring kan gje råd om gode løysingar på ulike problem
- har oversikt over krav i lovar og forskrifter

Ønskjer du bistand i arbeidet med HMT-systemet?

Ta kontakt med:

Organisasjonsavdelinga/
HMT- seksjonen

v/Bjørn-Atle Mikkelsen
Yrkeshygienikar /HMT-seniorrådgjevar
Tlf.: 55 23 94 28/30
Fax: 55 23 94 29
e-post: hmt@post.hfk.no
www.hordaland.no/hmt

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Støtte i HMT-system

SYSTEMATISK ARBEID MED HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK (INTERNKONTROLL)

Uhell kan hende den beste.....

…. og då er det viktig å vite korleis du handterer situasjonen når uhellet er ute, og korleis du kan unngå at det same skjer igjen.

Dette gjer du best ved å ha eit system på førebygginga og oppfølginga av arbeidsmiljøet ditt, eit internkontroll-system.

Kvifor er det viktig å ha eit internkontrollsystem?

Dersom du utarbeider og følgjer eit internkontrollsystem gjev det verksemda di fleire føremon:

- arbeidet med og oppfølginga av arbeidsmiljøet vert utført etter ein plan, og ikkje etter innfallsmetoden
- systemet gjev god oversikt i ansvar, mynde og roller i høve arbeidsmiljø-arbeidet ved verksemda
- det som vert avdekt gjennom systematiske kartleggingar er basert på faktiske tilhøve, ikkje på gissverk og påstandar frå personar eller grupper
- når ein har eit system, er ein mindre avhengig av bestemte personar (entusiastar) for at arbeidsmiljøarbeid skal verte utført
- viktige ting som gjeld arbeidsmiljøet vert skrivne ned og arkivert.

Dessutan er det eit krav i lov og forskrift at alle verksemder i Noreg har utarbeidd eit internkontrollsystem.

Korleis kan HMT-seksjonen hjelpe di verksemd?

Vi har kvalifiserte medarbeidarar som :

- reiser ut til verksemda di og arbeider saman med deg med systemet ditt
- lager system for og hjelper til med å gjennomføre risikovurderingar
- hjelper til med å tilpasse HMT systemet og gjere det enklare, meir oversiktleg og brukarvenleg
- bidrar til å vidareutvikle HMT systemet ditt
- kan auke kompetansen i verksemda di om systematisk HMT arbeid (kurs/opplæring)